



Årsmøteprotokoll frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden i Hareid bedehus søndag 18. mars etter gudstenesta i Hareid kyrkje. 57 personar var til stades då årsmøtet starta. I forkant var det sal av brennsnut (100,-) og servering av kaker og kaffi.

Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 Konstituering av årsmøtet**
- 2 Årsmelding 2017 for Hareid sokn med rekneskap og budsjett til orientering**
- 3 Kyrkjelydshus**

1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert på heimesida og Facebook-sida til soknet, samt annonse i Vikebladet. Årsmøtedokumenta har vore tilgjengelige i kyrkja, på kyrkjekontoret og på nettsidene til Hareid sokn.

Vedtak:

Gunmar Grimstad, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.

Bente Andreassen Pilskog, kyrkjeverje, vart vald til referent.

Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Astrid Grimstad og Arild Husøy vald.

2 Årsmelding 2017 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av både soknerådsleiar og kyrkjeverja. Statistikk vart presentert av kyrkjeverja. Kyrkjeverja presenterte og tellinga på besøkande i kyrkja som har vore gjort i 2017, dette for å vise aktivitet og at arbeidet i kyrkja femnar vidt. Talet viste om lag 22.000. Dette er altså ikkje unike personar, men kvar gong ein person har besøkt kyrkja. Det vart også vist ein presentasjonsfilm av Hareid sokn, der dei ulike fagansvarlege fortalte om si rolle og sitt arbeid. Filmen vart laga av Nanseth Media i høve utlysing av kyrkjeverjestillinga hausten 2017.

Vedtak:

Årsmeldinga 2017 for Hareid sokn vart teken til vitande.

2 Førebels rekneskap 2017 og budsjett 2018

Rekneskapan er ikkje ferdig revidert frå kommunal rekneskapsfører. Førebels rekneskap 2017 og budsjett for 2018 vart presentert av soknerådsleiar.

Vedtak:

Førebels rekneskap 2017 og budsjett 2018 vart teken til vitande.

3 Kyrkjelydshus

Innleiing og orientering om eventuell overtaking av Hareid bedehus til kyrkjelydshus vart gjort av soknerådsleiar. Vidare utdjuping i høve behov og korleis huset kan nyttast vart presentert av kyrkjeverja. Det var positive tilbakemeldingar frå dei som tok del på årsmøtet. Til slutt var det høve for dei oppmøtte til å stille spørsmål, der både soknerådsleiar og kyrkjeverja svara på spørsmåla.

Bente Andreassen Pilskog
referent

Astrid Grimstad

Arild Husøy